

## Innkalling til møte i Utval for utdanning og internasjonalisering (UUI)

Tid: Måndag 30. november kl. 09.00-11.00

Sted: Zoom: <https://uib.zoom.us/j/67687848505?pwd=eVZPZU0xcnZONUxuRnN3VVBJdkJXUT09>

Meeting ID: 676 8784 8505

Password: ttZcfzE1

Til: Heming Helland Gujord (undervisingskoordinator), Erik Bjerck Hagen (allmenn litteraturvitenskap), Rolf Beev (digital kultur), Koenraad De Smedt (språkvitskap), Agnetha Nesse (nordisk språk), Christine Hamm (nordisk litteratur), Keld Hyldig (teatervitskap), Aidan Conti (klassisk), Bente Knold Kiilerich (kunsthistorie), Ilka Wunderlich (norskkskurs), Endre Brunstad (lektorutdanninga), Signe Nilssen (sekretær), Arnt Robert Leganger (studentrepresentant), Markus Pold (studentrepresentant)

### Saksliste

UUI-sak 22/20: Godkjenning av innkalling og saksliste .....	1
UUI-sak 23/20: Orienteringssaker .....	1
Orienteringssak 1: Referat frå førre møte.....	1
Orienteringssak 2: Status for fagmiljø og studentar .....	3
Orienteringssak 3: Mandat for fagkoordinatorar.....	3
UUI-sak: 24/20 Drøftingssaker .....	3
Drøftingssak 1: Møte med mentorar for førsteårsstudentar ved LLE hausten 2020.....	3
Drøftingssak 2: Samarbeid på tvers av fagmiljø .....	4
UUI-sak 25/20: Vedtakssaker .....	4
Vedtakssak 1: Møtedatoar for 2021.....	4
UUI-sak 26/20: Ymist.....	4

### UUI-sak 22/20: Godkjenning av innkalling og saksliste

Framlegg til vedtak: UUI godkjenner innkalling og saksliste.

### UUI-sak 23/20: Orienteringssaker

#### Orienteringssak 1: Referat frå førre møte

Godkjent på sirkulasjon i etterkant av førre møte.

Tid: Måndag 12. oktober kl. 09.00-11.00

Stad: Zoom

Til stades: Heming H. Gujord (undervisningskoordinator), Rolf Beev (digital kultur), Koenraad De Smedt (språkvitskap), Agnete Nesse (nordisk språk), Christine Hamm (nordisk litteratur), Keld Hyldig (teatervitskap), Aidan Conti (klassisk), Bente Knold Kiilerich (kunsthistorie), Ilka Wunderlich (norskursa), Endre Brunstad (lektorutdanninga), Signe Nilssen (sekretær), Arnt Robert Leganger (studentrepresentant), Markus Pold (studentrepresentant)

Observatørar: Elise Bekkely Røh Petersen og Helga Ramstad Vatsaas frå studieadministrasjonen

Ikkje møtt: Erik Bjerck Hagen (allmenn litteraturvitskap)

#### Saksliste

UUI-sak 18/20: Godkjenning av innkalling og saksliste  
UUI-sak 19/20: Orienteringssaker  
Orienteringssak 1: Referat frå førre møte  
Orienteringssak 2: Status for fagmiljø og studentar  
Orienteringssak 3: Revisjon av bachelorprogrammet i kunsthistorie  
UUI-sak: 20/20 Drøftingssaker  
Drøftingssak 1: Mandat for fagkoordinatorar  
Drøftingssak 2: Undervisningsplanlegging vår 2021  
Drøftingssak 3: Undervisning på tvers av fagmiljøa  
UUI-sak 21/20: Ymist

UUI-sak 18/20: Godkjenning av innkalling og saksliste

Det har skjedd nokre gleppar i overskrifter og innhaldslistar i innkallinga, og rettingane blei lesne opp. Orienteringssak 4, mandat for fagkoordinatorar blei endra til drøftingssak 1. Dei andre drøftingssakene blei følgeleg då 2 og 3.

Vedtak: UUI godkjenner innkalling og saksliste.

UUI-sak 19/20: Orienteringssaker

Orienteringssak 1: Referat frå førre møte  
Godkjent på sirkulasjon i etterkant av førre møte.

Orienteringssak 2: Status for fagmiljø og studentar

Alle UUI-medlemene fekk tre minutt kvar til å orientere om stoda i fag- og studentmiljøet. Tilbakemeldingane frå utvalet var ganske likelydande. Dei som hadde fysisk undervisning før nedstenginga i haust, er i stor grad tilbake i undervisningslokala. Det er framleis ein del heildigital undervisning og i varierande grad hybride løysingar. Både studentrepresentantane og fagkoordinatorane i utvalet melder om problem med dei tekniske løysingane, og at det tar alt for mykje av undervisningstida, noko som igjen går ut over forskingstida. På digital helgesamling for Fjernord, blei det ekstra vanskeleg då Zoom ikkje verka, og det ikkje var tilsette på arbeid på IT-avdelinga i helga. Elles er det vanskeleg med gjennomføring av praksis på teatervitskap, men dei har funne løysingar sjølv om desse er amputerte. Flytting av praksis skapar utfordringar i timeplanen for nordisk, som har planlagt undervisninga utanom praksisperioden, og for fagdidaktikarane som skal i praksisbesøk. Det er ynskeleg å få tilbake vanleg skuleeksamen, men førebels er det berre norskursa frå LLE som får lov til dette. Det ser ut til at studentane i mindre grad møter opp til undervisninga, og digital kultur melder at resultata på den obligatoriske oppgåva på DIKULT101 er svakare enn elles. Her ynskjer dei å få bruke greidd/ikkje greidd i staden for A-F i haust. Dette skal Rolf Beev ta vidare med fagmiljø og fagutval før studieleiar Signe Nilssen undersøker med fakultetet.

Orienteringssak 3: Revisjon av bachelorprogrammet i kunsthistorie

Bachelorprogrammet i kunsthistorie skal gjennom ein revisjonsprosess, og ei arbeidsgruppe er oppretta. Undervisningskoordinator Heming H. Gujord orienterte.

Det er eit arbeid på gang som skal munne ut i eit nytt framlegg til studieplan, som skal leverast til fakultetet innan 15. februar. Undervisningskoordinator Heming H. Gujord og Helga Ramstad Vatsaas frå studieadministrasjonen arbeider med å setje ned ei arbeidsgruppe, og læringslaben er kopla på. Det skal vere med fire tilsette og to studentar. Studentane blir honorerte. 12 studentar har søkt om å få vere med i gruppa, og det er gledeleg. Programmet blir gjennomgått for å få ein strammare struktur som passar betre til bemanningsressursane, men òg for å sikre at alle dei faglege disciplinane blir ivaretatte. Arbeidet skal vere forankra i fagmiljøet, og det blir sendt ut informasjonsskriv kvar fredag.

UUI-sak: 20/20 Drøftingssaker

Drøftingssak 1: Mandat for fagkoordinatorar

Mandatet blei handsama på førre møte i UUI, og det kom då innspel som i nokon grad har blitt innarbeidde i mandatet. Koenraad De Smedt peika i forkant av møtet via e-post på at ein i mandatet ikkje kan tillegge fagkoordinatorane ansvar for noko som berører budsjett eller personale, då dette er eit ansvar som ligg på eit høgare nivå. På bakgrunn av denne tilbakemeldinga, blei denne saka flytta frå orienteringssakene til drøftingssakene.

Undervisningskoordinator Heming H. Gujord stod fast ved at prinsippet om at ressursane blir disponerte best i fagmiljøet, og at det kan vere risikabelt å gi dette ansvaret vidare. Dersom eit fagmiljø til dømes mistar ei stilling, er det etter undervisningskoordinators mening miljøet sjølv som har dei beste føresetnadene for å justere tilbodet etter den nye ressurssituasjonen.

Det kom innvendingar frå medlemene om at fagkoordinator ikkje har full kontroll over ressursane og heller ikkje over tilbodet. Ein får til dømes berre beskjed om at nokon har fått forskingstermin, og så får fagkoordinator ansvar for å få dekka undervisninga. Det var òg

spørsmål om omgrevsavklaring. Kva ligg i omgrepet «ansvar»? Ein skal halde seg til ressursbudsjett og arbeidsrekneskap som ikkje er fullt implementerte, og ein kjenner at ein får eit arbeidsgivaransvar. Det kom innspel om at i statsforvaltninga kan oppgåver fordelast, men ikkje ansvaret, og det blei det ytra ønske om å få dette med i mandatet. Det er ikkje ynskeleg å ha ansvar for påleggje kollegaer plustimer. Det bør synleggjera at eventuelle tiltak for å oppnå balanse, skal avgjera i samarbeid med instituttleiinga. Undervisningskoordinator presiserte at fagkoordinator ikkje har ansvar for avvik frå den tildelte undervisningsressursen, det er det instituttleiar som har. Vi tar med oss innspela tilbake til leiargruppa, og konfererer med andre om kva som kan stå i eit slikt mandat. Det er ein absolutt føresetnad at mandatet skal vere innanfor gjeldande reglar i arbeidslivet.

#### Drøftingssak 2: Undervisningsplanlegging vår 2021

Vi er allereie i gang med å planlegge undervisninga for våren, og ressursbudsjetta er i ferd med å bli gått gjennom. Frist for å sende inn timeplandata var i haustferien. Kva tankar har UUI om vårsemesteret 2021 med tanke på undervisningsressursar og framhald av hybride løysingar?

Studieleiar Signe Nilssen innleia. Det kom spørsmål om korleis ressursbudsjetta blir følgjt opp. I dei tilfella der det er store avvik, er der viktig med rask avklaring. Instituttleiinga vil følgje dette opp så raskt som mogeleg.

Studentrepresentant Arnt-Robert Leganger peika på utfordringar på teatervitskap der ein av undervisarane ikkje er på campus i det heile under pandemien. Vidare ynskjer han seg at vi ikkje kuttar munnleg eksamen på teatervitskap som vi gjorde i vår der dette var eitt av to prøvepunkt.

#### Drøftingssak 3: Undervisning på tvers av fagmiljøa

På LLE er det mange fagfelt som i somme tilfelle ligg nært kvarandre og/eller overlappar på nokre område. I hardt pressa fagmiljø, kan det vere nyttig å få dekka noko av undervisninga frå nærskyldne fagmiljø der presset på undervisningskraftene ikkje er fullt så stort.

Undervisningskoordinator Heming H. Gujord innleia.

Innspel frå UUI: Dette er ein god tanke, men initiativ bør gå via leiinga. Det bør lagast nokon prinsipp. Ein kan òg tenke vidare til andre institutt og fakultet for samarbeid. Kva med det arbeidet som blei lagt ned i høve HF2018? Er dette noko vi kan dra nytte av no?

Instituttet kjem til å sende ei bestilling til fagmiljøa om å klargjere i kva grad dei kan bidra inn i andre fagmiljø med sin kompetanse.

#### UUI-sak 21/20: Ymist

Ingen saker blei melde, men det kom nokre oppklaringspørsmål om tema som hadde vore oppe tidlegare.

### Orienteringssak 2: Status for fagmiljø og studentar

Alle UUI-medlemane får tre minutt kvar til å orientere om stoda i fag- og studentmiljøet.

### Orienteringssak 3: Mandat for fagkoordinatorar

Mandatet for fagkoordinatorar har blitt drøfta i UUI og lagt fram for leiargruppa og fakultetet. Det skal tre i kraft frå og med våren 2021 og skal evaluerast mot slutten av haustsemesteret 2021.

Undervisningskoordinator Heming Helland Gujord orienterer.

Mandatet er vedlagt.

### UUI-sak: 24/20 Drøftingssaker

#### Drøftingssak 1: Møte med mentorar for førsteårsstudentar ved LLE hausten 2020

Mentorane til dei nye studentane våre bør ha to møte med institutt/program i løpet av hausten og våren slik at erfaringane dei har frå møte med dei nye studentane kan bli vidareformidla til instituttet. Relevante tema for dette haustmøtet er:

Kommunikasjon:

Korleis har kommunikasjonen mellom studentar, mentorar og instituttet fungert?

Har det vore tilstrekkeleg kommunikasjon?

Kva for kommunikasjonskanalar fungerer/fungerer ikkje?

Enkelte grupper har opplevd manglande oppmøte til samlingar mellom studentane i ordninga. Korleis kan dette motverkast? På kva for måtar kan til dømes undervisarar vere med å understøtte mentorordninga?

Aktivitet:

Korleis har oppmøtet på mentorarrangementa vore?

Initiativ til eit felles arrangement eller ein annan type samarbeid med fagutvala?

Generelt:

Kva er mentorane si oppfatting av av dei nye studentanes forventingar og sakn?

Spesielt for 2020: Korleis har digital undervisning og digitale møte påverka integrering og motivasjon?

Vi legg opp til dialog med dei møtte mentorane. Undervisningskoordinator Heming Helland Gujord innleier.

Saka blir drøfta før orienteringssak 2.

#### [Drøftingssak 2: Samarbeid på tvers av fagmiljø](#)

Fagkoordinatorane fekk ei bestilling 16. oktober om å melde inn aktuelle område for utveksling av undervisningskrefter. Fagmiljøa har meldt inn, og tilbakemeldingane er samanfatta i vedlagte skriv. Undervisningskoordinator Heming Helland Gujord innleier.

#### [UUI-sak 25/20: Vedtakssaker](#)

#### [Vedtakssak 1: Møtedatoar for 2021](#)

- 1. februar
- 15. mars
- 3. mai
- 14. juni (ved behov)
- 6. september
- 25. oktober
- 6. desember

Framlegg til vedtak: UUI godkjenner møtedatoane for 2021

#### [UUI-sak 26/20: Ymist](#)